



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anne Aasdalen, 35 58 62 72

Stimuleringstilskot til veterinærdekning 2025

Stimuleringstilskot løyvast av Statsforvaltaren, som føretekk ei prioritering etter søknad frå kommunen.

Rettleiing for løyving av stimuleringstilskot går fram av Rundskriv 2024-40 frå Landbruksdirektoratet datera 17.12.2024

Vestfold og Telemark har fått kr 1 150 000,-, til fordeling i 2025.

Midlane skal prioriterast til kommunar som har problem med å få stabil tilgang til veterinærtenester, og som legg planer for gode, lokale løysingar.

Søknader med fylgjande kriteria vert prioriter :

- Kommunar med dårleg næringsgrunnlag for veterinærtilbod skal prioriterast ved tildeling av stimuleringstilskot.
- Lågt dyretal og krevjande infrastruktur bør være blant prioriteringane for tildeling av tilskot.
- At det er vanskeleg å rekruttere og behalde veterinær vil være relevant å legge vekt på.
- Dei mest aktuelle stimuleringstiltaka er etableringsstøtte, driftsstøtte og å opprette kommunale veterinærstillingar der den tilsette også kan bidra til å løyse ulike oppgåver i kommunen der veterinærens kompetanse kjem til anvending.

I 2024 var det kommunane Vinje, Tinn, Drangedal og Midt-Telemark som fekk tildelt stimuleringstilskot.

Det er kommunen som søker om stimuleringstilskot. Dersom kommunen får tildelt stimuleringstilskot, må alle veterinærar i distriktet få høve til å søke kommunen om stimuleringstilskot.



Kommunen fattar vedtak om stimuleringstilskot med grunnlag i retningslinjer for ordninga og føringar gjeve i tildeling frå Statsforvaltaren. Kommunens vedtak reknast som einssilde vedtak etter forvaltningslova, og kan klagast på til statsforvaltaren.

For å oppnå best mogeleg effekt av midlane lokalt, må kommunen sjå søknadane om stimuleringstilskot mot kvarandre og vurdere dei samla, før søknadane vert prioritert for tildeling. Så lenge det ikkje er i strid med vilkåra for å kunne få stimuleringstilskot, har kommunen høve til å leggje lokalt skjønn til gunn i si vurderinga av søknadane dei har fått.

Kommunen har høve til å tildele stimuleringstilskot til veterinærar som søker om midlar etter den søknadsfristen som kommunen har sett for å kunne søke om slike midlar, dersom søknaden er mottatt i kommunen før kommunen har fordelt stimuleringstilskotet.

Kommunar som har utfordringar med å få nok veterinærar til å delta i klinisk veterinærvakt utanom ordinær arbeidstid, kan stille krav om vakttdeltaking for at veterinærane skal kunne taka imot stimuleringstilskot.

Ein føresetnad for å kunne stille eit slikt krav er at kommunanes bruk av midlar i ordninga er i tråd med formålet med stimuleringstilskotet, som er å bidra til å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell på dagtid.

Kommunar som stiller krav om vakttdeltaking for å kunne få stimuleringstilskott, skal rapportere særskilt om dette til statsforvaltaren ved den årlege rapporteringa om bruken av midlane. Sjå nærare omtale av dette under kapittelet om rapportering.

Kommunen søker om stimuleringstilskot til veterinærdekning gjennom Altinn. Både vedtak om og utbetaling av stimuleringstilskot til veterinærdekning vert gjort i Agros.

Informasjon om registrering av søknad sjå kap. 4. i Brukarretteleiing til Agros, og vedlagte Rundskriv 2024-40 frå Landbruksdirektoratet datera den 17.12.2024.

Elektroniske søknadsskjema:

<https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/stimuleringstilskudd-til-veterinardekning>

Frist for kommunen til å søke Statsforvaltaren om stimuleringstilskot er 15. mars 2025.

Rapportering for 2024 .

Dei kommunane som fekk stimuleringstilskot i 2024, vert beden om å gje ein rapport om korleis dei har brukt midlane føregåande år.

Kommunen skal rapportere om:

- alle tiltaka kommunen har brukt midlane på
- beløp per tiltak
- eventuelle endringar frå planen kommunen oppga i søknaden
- grunngeving for eventuelle endringar
- effekten av gjennomførte tiltak
- beløp som ikkje er utbetalt



- om dei har nytta ordninga med å stille krav om vakt deltaking for å kunne motta stimuleringstilskot føregående tilskottsår.

Rapporten skal gjerast i same skjematene som nyttast for å søke om stimuleringstilskot.

Frist for kommunane til å rapportere til Statsforvalteren er 15. mars 2025.
Rapporten sendast på e-post til svtpost@statsforvalteren.no

Med helsing

Ingunn Haldorsen Sømme
assisterende direktør

Anne Aasdalen
seniorkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakerliste:

Bamble kommune	Postboks 80	3993	LANGESUND
Drangedal kommune	Gudbrandsvei 7	3750	DRANGEDAL
Færder kommune	Postboks 250	3163	NØTTERØY
Fyresdal kommune	Klokkarhamaren 6	3870	FYRESDAL
Holmestrand kommune	Postboks 312	3081	HOLMESTRAND
Horten kommune	Postboks 10	3191	HORTEN
Larvik kommune	Postboks 2020	3255	LARVIK
Sandefjord kommune	Postboks 2025	3202	SANDEFJORD
Hjartdal kommune	Saulandsvegen 414	3692	SAULAND
Tønsberg kommune	Postboks 2410	3104	TØNSBERG
Kragerø kommune	Postboks 128	3791	KRAGERØ
Kviteseid kommune	Kviteseidgata 13	3850	KVITSEID
Nissedal kommune	Treungvegen 398	3855	TREUNGEN
Nome kommune	Ringsevja 30	3830	ULEFOSS
Notodden kommune	Postboks 193	3672	NOTODDEN
Porsgrunn kommune	Postboks 128	3901	PORSGRUNN
Seljord kommune	Brøløsvegen 13 A	3840	SELJORD
Siljan kommune	Postboks 16	3749	SILJAN
Skien kommune	Postboks 158	3701	SKIEN
Tinn kommune	Postboks 14	3661	RJUKAN
Tokke kommune	Storvegen 60	3880	DALEN
Vinje kommune	Vinjevegen 192	3890	VINJE
Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Vestfold fylkeskommune	Postboks 1213 Trudvang	3105	TØNSBERG
Midt-Telemark kommune	Postboks 83	3833	BØ I TELEMAR